



Årsmelding for Skala Brass Band 2016

Skala Brass Band har delteke på ulike arrangement lokalt og rundt i regionen vår. Det er mange faste postar på programmet, noko vi set stor pris på. Det er óg kjekt med invitasjon til nye stader og arrangement. Skala speler til Guds ære, og håper at tilhøyrarane kjenner vi formidlar noko meir enn berre god musikk. Vi har i mange samanhengar fått kjenne at Herren er med.

Også i 2016 har det vore endringar i dirigentsituasjonen. Torstein Aagaard-Nilsen var dirigent frå januar til juni. Skala takkar for det han fekk fram i korpset, og opplevde starten på eit musikalsk løft under hans leiing. Det har heldt fram med Tom Brevik som dirigent, då han tok over frå august. Skala er veldig takknemleg for innsats og engasjement han utøver, og har spurt han om å halde fram i 2017.

Eitt av dei faste arrangementa våre er Skalakvelden, som er ein viktig post på vårprogrammet. Vi rettar stor takk til nye og gamle Skala-vener som stiller opp og støttar oss i arbeidet vårt. Vidare utover våren spelte vi på NMS-fest, elevstemne ved Nordhordland folkehøgskule og friluftsgudsteneste i Bøkeskogen.

I september deltok Skala ved feiring av Meland kyrkje sitt 150-årsjubileum. Vi spelte på jubileumsgudstenesta 25. september, og var inviterte til festmiddag etterpå på Nordhordland folkehøgskule. I oktober og november spelte vi på song- og musikk møte på Rikstad bedehus (Manger), og gudsteneste i Knarvik kyrkje. I desember var Skala med på førjulssamling ved Frekhaug bedehus. Skala er takksame for samarbeid med aktørar i nærområdet vårt, og håper vi kan halde fram med dette i tida framover.

Skala er eit geografisk samansett korps, men det er framleis Meland som er heimkommunen vår. Vi set stor pris på at vi får ha øvingane våre i bedehuset til Frekhaug Indremisjon, og takkar for godt samarbeid i 2016.

Besetning

Skala brass band har i 2016 hatt 15 medlemmer. Det gjer oss sårbare på enkelte stemmer og instrumentgrupper, og vi prøver å rekruttere nye medlemmar på ulike måtar. Frå august var vi så heldige å få med oss to nye medlemmer. Ved speleoppdrag i haust har vi hatt dyktige vikarar på viktige stemmer. Det set vi stor pris på.

I juli gjekk Asle Reigstad bort. Skala er takksame for den tida Asle var med, og han betydde mykje for korpset både musikalsk og sosialt.

Økonomi:

Skalakvelden gav oss nok ein gong eit godt resultat, det beste vi har hatt den tida Skala har arrangert basar. Det gler vi oss over. Takk til alle som har vore med og bidratt til ein god økonomi for korpset.

Sosialt:

Det sosiale miljøet er godt i Skala. Medlemmane bryr seg om kvarandre, og tek godt imot nye musikantar.

Fordeling av verv

- Styret

Leiar: Silje Parr – **valt for 1 år**

Nestleiar: Sveinung Fosse – **valt for 2 år**

Styremedlem: Hilde L. Johansen

Kasserer: Hilde Marie Angelskår

Sekretær: Magni Håland Dyrøy – **valt for 2 år**

Varamedlem: Nelly Beate Terum – **valt for 1 år**

- Øvrige verv

-Materialforvaltar: Mons Eikeland

-Noteansvarlege: Magni Håland Dyrøy og Hilde L. Johansen

-Valkomitè: Yngvar Ruud og Sølvi Sivertsen

-Revisor: Ingeborg Angelskår

Program 2016

- Vår

5. mars: Skalakveld

13. mars: NMS-fest Frekhaug bedehus

21. mai: Elevstemne Nordhordland Folkehøgskule

12. juni: Friluftsgudsteneste Bøkeskogen

- Haust

25. september: Jubileumsgudsteneste for Meland kyrkje

30. oktober: Speling Rikstad bedehus, Manger

19. november: Julemesse Nordhordland Folkehøgskule

20. november: Gudsteneste i Knarvik kyrkje. Avslutning bibelmaraton

11. desember: Speling storsamling Frekhaug bedehus

12. desember: Speling Knarvik senter

Bergen, 19.01.2017

Skala Brass Band,
v/ leiar Silje Parr